

## ÅRSBERETNING FRÅ STYRET 2015.

### **Verksemd.**

Selskapet si verksemd er å arbeide for betre vegkommunikasjon i Nordhordland og mot Bergen. Verksemda har sitt kontor i Knarvik i Lindås kommune.

### **Utvikling, resultat og stilling.**

Selskapet har hatt sine inntekter i 2015 frå eigarane Nordhordland Utviklings-selskap IKS (Regionrådet Nordhordland), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Styret meiner den framlagde resultatrekneskapen med balanse og notar gjev eit korrekt bilete av drifta i 2015, og av status ved årsskiftet. Styret kjenner ikkje til tilhøve etter årsskiftet som ville ha påverka rekneskapen pr. avslutningsdato. Utifrå at rekneskapen syner at selskapet sin eigenkapital er tapt, vil styret i 2016 gjennom eige drift og evt. i dialog med eigarane sørgja for at det vert ordna opp i dette.

Nordhordlandspakken kom eit stort steg vidare realisering i løpet av 2015. Etter eit positivt fylkestingsvedtak i juni 2015 vart søknaden sendt vidare til vegdirektoratet for deira arbeid med førebuing av stortingsproposisjon.

### **Framleis drift.**

Føresetnad om framleis drift, er etter styret si meining til stades og er lagt til grunn for årsrekneskapen.

### **Arbeidsmiljø og likestilling.**

Selskapet hadde fram til oktober 2015 styreleiar tilsett i ein 5 % ressurs som dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredstillande. I styret er det tre menn og to kvinner.

**Klima og miljø.**

Selskapet rettar seg etter dei offentlege pålegg som gjeld, og styret kan ikkje sjå at ein påverkar klima og det ytre miljø på skadeleg eller ulovleg vis.

Knarvik, 25. mai 2015

Pål Kårbø  
Styreleiar

Kristin Handeland  
Styremedlem/nestleiar

Kristian Helland  
Styremedlem

Leidulv Brunborg  
Styremedlem

May-Eva Sandvik  
Styremedlem